



FLORA  
KOMMUNE

# Innkalling til Formannskapet

Møtedato: 17.06.2019  
Møtestad: Flora rådhus, rettssalen  
Møtetid: 09:00 -

Ekstraordinært møte

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er, tlf. 57 75 60 00, eller til [organisasjonogpersonal@flora.kommune.no](mailto:organisasjonogpersonal@flora.kommune.no), slik at varamedlem kan bli innkalla.

Varamedlemar møter etter nærare innkalling. Alternative framlegg til vedtak i nokon av sakene kan du sende på e-post til [framlegg@flora.kommune.no](mailto:framlegg@flora.kommune.no).

**Flora kommune**

Ola Teigen

leiar

Ester Frøyen

sekretær

# Sakliste

<b>Saknr.</b>	<b>Tittel</b>
045/19	Godkjenning av møtebok
046/19	Etablering av interkommunalt politisk råd (Kystrådet) for kommunane Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora, Vågsøy, Bremanger og Selje
048/19	Vurdering av privat eller kommunal oppføring av administrasjonsbygg i Bankhola

# Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
045/19	Formannskapet	PS	17.06.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Arne Schei	K1-033	19/1172

## Godkjenning av møtebok

### Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik den ligg føre.

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Saksopplysingar:**

33T

Protokoll - Formannskapet - 04.06.2019

# Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
046/19	Formannskapet	PS	17.06.2019
037/19	Bystyret	PS	18.06.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ola Teigen	K1-033	19/283

## **Etablering av interkommunalt politisk råd (Kystrådet) for kommunane Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora, Vågsøy, Bremanger og Selje**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Flora bystyre vedtek å delta i interkommunalt politisk råd (Kystrådet) for kommunane, Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora, Vågsøy, Bremanger og Selje.
2. Flora bystyre vedtek og sluttar seg til dei vedtektene som er utarbeid for Kystrådet, datert 21. mai 2019.

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Saksopplysingar:

### Kva saka gjeld:

*Denne saka er signert sakshandsamar Jeanette Jensen i Vågsøy kommune og handsama i Vågsøy formannskap 6. juni.*

Kystkommunene tok for fleire år sida initiativ til at det skulle utarbeidast ein plan for kystområda. Fylkeskommunen v/ Fylkestinget tok på seg ansvaret for arbeidet. Planprosessen var eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane. Fylkestinget vedtok Regional strategisk plan for kysten den 13. juni 2018. Eit av tiltaka i planen er å etablere eit kystråd. Saka blir no lagt fram for kommunestyret for at kommunen skal handsame deltaking i rådet og dei vedtektene som er utarbeida. For at Kystrådet skal bli oppretta må alle kommunane slutte seg til saka.

### Innleiing:

kommunane må slutte seg til saka, med tilhørande dokument, for at Kystrådet skal bli oppretta og stå fram slik det er lagt til grunn i saka/dokument.

Sitat frå Strategisk plan for kysten.

#### *1. Etablere eit kystråd*

*Kystkommunane etablerer eit kystråd, der ordførarane sit i styret. Eit slikt forpliktande samarbeid skal jobbe for prioritering av kysten, og sikre merksemd og oppfølging av felles lokale/regionale satsingar i kampen om sjøareala, etablering av infrastruktur, samt skaparkraft og nyskaping. Samstundes skal kystrådet bidra til at kysten står sterkare saman for å påverke rammevilkåra for utvikling, både lokalt, regionalt og nasjonalt.*

Heile planen finn du her:

<https://img4.custompublish.com/getfile.php/4191459.2344.qztqm7q7j1qzm/Regional%20strategisk%20plan%20for%20kysten%20-%20Vedteke%20i%20fylkestinget%20juni%202018.pdf?return=sfjk.custompublish.com>

Ordførarane i dei aktuelle kommunane har ei felles oppfatning om at kystrådet i fyrste omgang skal opprettas etter gjeldande kommunelov. Dette inneberer i praksis at rådet kan fungere etter denne lova i kommande valperiode. Overgangsreglar knytt til ny kommunelov, som trer i kraft frå 01.01.2020, seier at innan utgangen av kommande periode må rådet vere endra i samsvar med ny lov.

Vedtektene som blir lagt fram for godkjenning i saka er basert på gjeldande kommunelov.

Strategisk plan for kysten viser at det er grunnlag for eit vesentleg meir omfattande samarbeid på kysten enn det som har vore tilfelle så langt. Den strategiske planen peikar på noko av det potensialet som eit kystfokus og samarbeid kan føre til av utvikling. Planen trekke opp viktige og gode tema for utvikling på kysten. I tillegg er det viktig når rådet kjem i gong, at ein også ser på korleis ein kan vidareutvikle samarbeidet og tematikken for samarbeidet.

Strategisk plan for kysten og oppretting av eit kystråd vil vere starten på ei langsiktig kystutvikling. Ei ny fylkeskommune med stor kraft og fokus på kysten er ein sentral samarbeidspart for å få til ynskja utvikling innanfor Kystrådet sitt verkeområde. Fylkeskommunen signaliserer at dei vil leggje til rette for samarbeid med regionar som har klare felles mål og satsingar for utvikling framfor samarbeid med den einskilde kommune. Dette gjev Kystrådet eit stort moglegheitsrom, som vil krevje at kommunane i rådet står samla bak dei viktige strategiske oppgåvene som ein ynskjer å løyse. Kystrådet vil for å kunne lykkast også måtte samarbeide med ein rekkje andre. Døme på desse kan vere (ikkje ei fullstendig liste):

Fjordkysten A/S

Fjordane friluftsråd

Kystvegen Ålesund – Bergen.

Aksello A/S

Maritim Foreining, sogn og fjordane

Måløy vekst A/S

Gulen og Masfjorden utvikling

Med fleire.

Dersom rådet skal kunne lykkast med å sette saker på dagsorden og følgje dei opp vil rådet ha behov for tilgang på administrativ kapasitet. Det vil vere hensiktsmessig å finne ein samarbeidspart som har felles interesser og samarbeide.

Det vil krevje at dei deltakande kommunane sette av midlar frå og med 2020 til å finansiere rådet sitt arbeid og etablering av administrativ kapasitet.

Kystrådet er, slikt det no er sett opp og organisert, eit politisk råd. Dett inneberer at det vil vere å sette aktuelle felles politikk og utviklingssaker på

**Økonomiske konsekvensar:**

Kommunane må ta høgde for å vere med å finansiere drift av Kystrådet. Vedtektene legg til grunn at 15% av utgiftene skal delast likt mellom kommunane, mens dei siste 85% blir fordelt etter innbyggjartal i kommunane. Før budsjetta for 2020 og framover blir utarbeidd i kommunane vil det bli utarbeidd eit budsjett med finansieringsplan som vert sendt over til kommunane.

33T

Vedtekter for kystråd

# Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
059/19	Bystyret	PS	18.06.2019
048/19	Formannskapet	PS	17.06.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rune Bortne		19/1198

## Vurdering av privat eller kommunal oppføring av administrasjonsbygg i Bankhola

### Framlegg til vedtak:

1. Kommunen står sjølve for bygging og drift av nytt administrasjonsbygg.
2. Bystyret tilbakefører tidlegare avsetning på 123,5 millionar i budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022, med 2,5 mill i revidert budsjett 2019, 71 mill i 2020 og 50 mill i 2021.

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



## **Saksopplysingar:**

### **Kva saka gjeld:**

I bystyresak 092/18 – Budsjett og handlingsprogram for 2019 vart det i pkt 16 – Nytt rådhus vedteke:

*"Avsetning av 123,500 millionar kroner til nytt rådhus vert teken ut av investeringsbudsjettet.*

*Rådmannen blir bedt om å legge fram ei sak tidleg i 2019 som avklarar korleis rådhusprosjektet skal*

*takast vidare både med formål om å samle og effektivisere administrasjonen, og å legge til rette for byfornyng. Det er eit mål å avklare saka og forplikte kommunen tidleg i 2019.*

*Bystyret skal mellom anna få framlagt alternativet at private aktørar kan stå for utbygginga i Bankhola med kommunen anten som leigetakar eller at kommunen kjøper rådhuset når det er ført opp. Endeleg finansiering vert å kome tilbake til seinast i revidert budsjett i juni 2019."*

### **Innleiing:**

*For å vurdere budsjettvedtaket om eige/leige problematikk i utbygging i Bankhola, har rådmannen etter anbodsinnbyding bede revisjonsselskapet BDO AS om ei vurdering av den mest økonomiske løysinga på desse alternativa:*

1. Kommunen byggjer og eig nytt administrasjonsbygg (Eigen regi).
2. Private byggjer nytt administrasjonsbygg og kommunen blir leigetakar (Leige).
3. Private byggjer nytt administrasjonsbygg og kommunen kjøper bygget etter at det er ferdig (Kjøpe).
4. Private byggjer nytt administrasjonsbygg og kommunen blir leigetakar med rett til seinare utkjøp (Opsjon)

*For alle alternativa i punkt 1-4 er desse temaene drøfta:*

- *Årskostnad, (andel av livssyklus kostnadene (LCC))*
- *Fordelar og ulemper med dei forskjellige alternativa*
- *Effekten av lånegjeld og netto driftsresultat*

*BDO har også gjort vurderingar kring*

- *Finansieringskostnader - offentlige VS private lånevilkår*
- *Konsekvens av operasjonell VS finansiell leigeavtale*
- *Betydning av det planlagde parkeringsanlegget*
- *Effekten av meirverdiavgift*

For å vurdere den mest økonomiske løysinga har BDO analysert livssyklus kostnadene (LCC) og desse inkluderer kostnadar knytt til investering, forvaltning, drift, vedlikehold og utvikling i administrasjonsbygget si levetid (50 år). I tillegg er effekten på kommunen sin finansielle

handlingsrom, effekten på lånegjeld, vurdert.

Vurderingane som BDO har gjort knyter seg til nytt administrasjonsbygg åleine, rehabilitering av rådhuset er ikkje inkludert. Parkeringsanlegget som skal dimensjonert for utbygging på taket skal vere sjølvfinansierande med avgifter og leige frå brukarane.

KV25 gav i møte 24.april kommunen tilbod om å overta heile prosjektet, kjøpe ut nødvendige tomteareal som KV25 står som eigarar av, og gjennomføre sitt eige prosjekt utan KV25 som deleigar. I denne prosessen er også bygget senka frå fem til tre etasjar over parkeringshuset. Det vil vere mulig å utvide med inntil 2 etasjer seinare.

Som følge av at KV25 ikkje blir med i same bygg, må Flora kommune kjøpe eit større areal enn det som ligg i budsjettramma på 150 mill.(2016 kroner). Deler av kostnaden på arealkjøp, skal belastast parkeringshuset. Administrasjonsbygget vil framleis vere sjølvfinansierande.

Dette fører til at verbaldelen i BDO-rapporten ikkje lenger speilar den reelle nosituasjonen. Dette har likevel ikkje betydning for konklusjonane i BDO-rapporten.

#### **Vurdering:**

BDO si vurdering er at det alternativet at Kommunen sjølv byggjer og eig det nye administrasjonsbygget er det økonomisk mest fordelaktige alternativet for kommunen. (Eigen regi)

Kommunen har kompetanse og erfaring til å realisere bygging, forvalte, drifte og vedlikeholde bygget på ein effektiv måte.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Riksrevisjonen gjennomførte i 2015 ei undersøking med mål om å vurdere om kommunane si gjeldsbelastning var økonomisk berekraftig. Samtidig som riksrevisjonen advarer mot den høge lånegjelda i kommunesektoren, skriv riksrevisjonen i sin rapport:

*«Høy gjeld er ikke nødvendigvis negativt i seg selv. For en kommune som har forutsetninger til å betjene den samlede gjelden både på kort og lang sikt, uten at det får konsekvenser for tjenestetilbudet for nåværende og framtidige innbyggere, kan det være rasjonelt å ha høy gjeld. Det er ikke et mål at kommunene skal ha så lav gjeld som mulig hvis det for eksempel betyr at de ikke ivaretar nødvendige utbygginger eller vedlikehold av bygningsmassen.»*

Kalkylane knytt til samlokalisering av nytt administrasjonsbygg viser at dette er ei smart investering. Det vil uansett måtte påløpe investeringsutgifter knytt til dagens rådhus, dette då dagens rådhus ikkje tilfredsstillar krava til eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette. Samlokalisering i eige hus vil vidare gje ein

betydeleg reduksjon i årlege husleiger. I dag er administrasjonen lokalisert i 4-5 bygg, noko som er ineffektivt for kommunen. Det er difor forutsatt at samlokaliseringa skal gje ein effekt i reduksjon av administrative årsverk. I seg sjølv vil dette betyr at auka utgifter til renter og avdrag vil bli meir enn vegd opp av reduserte utgifter til husleige og administrasjon. På sikt må det til ei vesentleg auke i renta for at driftskonsekvensen av ei investering skal bli høgre enn gevinsten frå årleg innspart lønsvekst knytt til administrative årsverk. Denne innsparinga kan sikrast ved å legge til grunn fast rente på låneopptaket. Samla sett er det rådmannen si klare oppfatting at investering i samlokalisering av administrasjonen vil vere ei rasjonell investering, i tråd med riksrevisjonen sin merknad ovanfor

**Miljømessige konsekvensar:**

Ingen betydning for denne saka.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:**

Lov om kommuner og fylkeskommuner

Lov om offentlige anskaffelser

Forskrift om offentlige anskaffelser

33T

BDO - Rapport: "Vurdering av privat eller kommunal oppføring av administrasjonslokaler for Flora Kommune"



## Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
045/19	Formannskapet	PS	17.06.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Arne Schei	K1-033	19/1172

### Godkjenning av møtebok

#### **Framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik den ligg føre.

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



FLORA  
KOMMUNE

## **Saksopplysingar:**

32T

Protokoll - Formannskapet - 04.06.2019

## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 04.06.2019  
**Møtestad:** Flora samfunnshus  
**Møtetid:** 09:00 – 13.45

Ei tilleggsinnkalling med to resterande saker (revidert budsjett og sak om bruk av næringsfondet) som var under arbeid vart sendt ut i ettersending.

<b>Desse møtte</b>	<b>Parti</b>
Anders Ola Sunnarvik	Arbeidarpartiet
Bente Frøyen Steindal	Arbeidarpartiet
Ola Teigen	Arbeidarpartiet
Bengt Solheim-Olsen	Høgre
Bente Nilsen	Sosialistisk Venstreparti
Jacob Nødseth	Venstre
Jan Henrik Nygård	Venstre

<b>Forfall meldt frå følgjande medlemar</b>	<b>Parti</b>
Solveig Willis	Arbeidarpartiet
Frank Willy Djuvik	Framstegspartiet
Hanne Eva H. Kristensen	Høgre
Gustav Johan Nydal	Kristeleg Folkeparti

<b>Følgjande varamedlemar møtte</b>	<b>Parti</b>
Oscar Bergheim	Arbeidarpartiet
Trine Hovland	Høgre

**Møteleiar:** Ola Teigen  
**Merknad til innk.:** Ingen  
**Godkj. sakliste:** Godkjent  
**Frå adm. møte:** Rådmann Knut Broberg, formannskapssekretær Ester Frøyen, kom.sjef Norunn Stavø, kom.sjef Anders Moen, barnehagefagleg kons.Runa Nybakk, personalsjef Trond Ramstad Olsen, tenesteleiar eigedom Vidar Vårdal, kom.sjef Linda Nipen, informasjonsleiar Møyfrid Ellingsund, leiar Innvandrarsenteret Arild Melvær,

**Utlevert i møtet:**

**Orientering:** Aksello v/Lone Bareksten orienterte om rekruttering.

Rådmannen orienterte om:

- \* Kjøp av eigedom - Bankhola. (nytt møte 17.juni)
- \* Prosjekt Saga - oppgradering av vannleidning.
- \* Leige ekstra kontorarealer.

Ordførar orienterte om:

- \* Ekstramøte formannskapet 17.juni kl.09.00 på Rådhuset - Bankhola
- \* Brev frå Norddalsfjord gredautval - Søknad om midlar kr.600.000,- til

buprojekt/tilflytting – sak?

\* Grovastøylen - jobbar med å finne ei løysing. Kommunen ut av Grovastøylen?

\* Firda Billag - eigarmøte. Sal av aksjar er parkert.

**Spm./interpell.:**

Repr. Jacob Nødseth, V stilte spørsmål om jordmorvakta - skal denne være ubemanna i 3 veker i sommar? Rådmannen svarta at Førde tek vakta desse 3 vekene.

**Synfaring:**

**Ymse:**

## Sakliste

<b>Saknr.</b>	<b>Tittel</b>
<b>023/19</b>	Godkjenning av møtebok
<b>024/19</b>	Refererte skriv og meldingar Kinn kyrkjelege fellesråd - revisjonsberetning
<b>025/19</b>	Forskotering av tilskot til grendahuset på Stavøya
<b>026/19</b>	Søknad om forskotering av spelemidlar
<b>027/19</b>	Konsekvens av å ikkje rekne barnetrygd som inntekt ved utmåling av sosialstønad
<b>028/19</b>	Matsservering i barnehage - utbetring av kjøkken
<b>029/19</b>	Mål for Responssenter og framlegg til ny selskapsavtale for Alarmsentralen IKS
<b>030/19</b>	Søknad om redusert gateleige i Florø
<b>031/19</b>	Privat eller kommunal barnehage i Florø sentrum
<b>032/19</b>	TV-aksjonen 2019 - val av komité
<b>033/19</b>	Økonomirapport mai 2019
<b>034/19</b>	Rebudsjettering unytta investeringsløyvingar knytt til låneoptak per 31.12.2018
<b>035/19</b>	Flora kemnerkontor, årsrekneskap og årsrapport 2018
<b>036/19</b>	Årsrekneskap og årsmelding 2018 - Allhuset Eikefjord
<b>038/19</b>	Årsrekneskap og årsmelding 2018 - Flora hamn KF
<b>039/19</b>	Årsrekneskap og årsmelding 2018 - Havhesten Flora kommune KF
<b>040/19</b>	Årsrekneskap og årsmelding 2018 - KF Innvandrarsenteret i Flora
<b>041/19</b>	Årsrekneskap og årsrapport 2018 - Flora kommune
<b>042/19</b>	Revidert budsjett juni 2019, og økonomirapport 1. tertial 2019 - Flora kommune
<b>043/19</b>	Søknad om støtte frå kommunen sitt næringsfond til barneverninstitusjon i Flora
<b>044/19</b>	Gnr. 55 bnr. 2 - sal av utmarksområde med tilhøyrande rettar
<b>037/19</b>	Årsrekneskap og årsmelding 2018 - Flora Bordgleder KF



### **023/19: Godkjenning av møtebok**

#### **Framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik den ligg føre.

#### **Handsaming:**

Samrøystes vedteke

#### **Vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik den ligg føre.

---

### **024/19: Refererte skriv og meldingar**

#### **Framlegg til vedtak:**

Refererte skriv og meldingar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

#### **Handsaming:**

Samrøystes vedteke

#### **Vedtak:**

Refererte skriv og meldingar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

---

### **: Kinn kyrkjelege fellesråd - revisjonsberetning**

#### **Framlegg til vedtak:**

#### **Handsaming:**

Referert

#### **Vedtak:**

Referert

---

### **025/19: Forskotering av tilskot til grendahuset på Stavøya**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Flora kommune låner Stavøy grendalag inntil kr 402 000, som forskot for tildeling av spelemidler. Summen på lånet skal tilsvare godkjent søknadssum.
2. Flora kommune dekker kapitalutgifter knytt til lånet.
3. Lånet blir finansiert gjennom låneopptak.
4. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Stavøy grendalag.

**Handsaming:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

1. Flora kommune låner Stavøy grendalag inntil kr 402 000, som forskot for tildeling av spelemidler. Summen på lånet skal tilsvare godkjent søknadssum.
2. Flora kommune dekker kapitalutgifter knytt til lånet.
3. Lånet blir finansiert gjennom låneopptak.
4. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Stavøy grendalag.

---

**026/19: Søknad om forskottering av spelemidler**

**Framlegg til vedtak:**

1. Flora kommune låner Brandsøy skytterlag inntil kr 109 000, som forskot for tildeling av spelemidler.
2. Flora kommune dekker kapitalutgiftene knytt til lånet.
3. Lånet blir finansiert gjennom låneopptak.
4. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Brandsøy skytterlag.

**Handsaming:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

1. Flora kommune låner Brandsøy skytterlag inntil kr 109 000, som forskot for tildeling av spelemidler.
2. Flora kommune dekker kapitalutgiftene knytt til lånet.
3. Lånet blir finansiert gjennom låneopptak.
4. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Brandsøy skytterlag.

---

**027/19: Konsekvens av å ikkje rekne barnetrygd som inntekt ved utmåling av sosialstønad**

**Framlegg til vedtak:**

1. Utreiinga vert tatt til vitande.

2. Nav får tilført 1 125 000,- i revidert budsjett til styrking av budsjettet for økonomisk sosialhjelp.

Tilleggsframlegg frå repr. Anderes Ola Sunnarvik,Ap

Nytt punkt 3 :

Ordninga skal evaluerast i tråd med bystyrevedtak 07/19.

"Formannskapet ber om at det blir ei ny vurdering av ordninga i Kinn kommune, og at økonomiske konsekvensar for heile Kinn kommune blir gjort rede for i budsjetthandsaminga desember 2019. "

Endringsframlegg frå Bente Nilsen,SV:

Formannskapet ber om at det blir teken omsyn til endringa i Kinn kommune og at økonomiske konsekvensar for heile Kinn kommune blir gjort rede for i budsjetthandsaminga desember 2019.

Framlegg frå repr. Anders Ola Sunnarvik,Ap:

Nytt punkt 3 :

Ordninga skal evaluerast i tråd med bystyrevedtak 07/19.

"Formannskapet ber om at det blir ei ny vurdering av ordninga i Kinn kommune, og at økonomiske konsekvensar for heile Kinn kommune blir gjort rede for i budsjetthandsaminga desember 2019. "

Framlegg frå repr. Bente Nilsen, Sv:

Nytt punkt 3: Formannskapet ber om at det blir teken omsyn til endringa i Kinn kommune og at økonomiske konsekvensar for heile Kinn kommune blir gjort rede for i budsjetthandsaminga desember 2019

### **Handsaming:**

Nødseth ber om eit kort gruppemøte.

Sunnarvik trakk sitt framlegg.

### Røysting:

Pkt.1, 2 i tilrådinga samrøystes vedteke

Pkt.3 samrøystes vedteke som framlegg frå Nilsen.

### **Vedtak:**

1. Utgreiinga vert tatt til vitande.
2. Nav får tilført 1 125 000,- i revidert budsjett til styrking av budsjettet for økonomisk sosialhjelp.
3. Formannskapet ber om at det blir teken omsyn til endringa i Kinn kommune og at økonomiske konsekvensar for heile Kinn kommune blir gjort rede for i budsjetthandsaminga desember 2019

---

### **028/19: Matsservering i barnehage - utbetring av kjøkken**

#### **Framlegg til vedtak:**

Arbeidet med rehabilitering av kjøkken i Havrenes barnehage, Krokane barnehage og Storevatn barnehage vert starta opp snarast.

Det vert sett av investeringsmidlar, kr 1, 8 mill (inkl mva) til arbeidet.

Framlegg frå Venstre og Høgre v/repr.Jacob Nødseth,V:

Formannskapet er positiv til intensjonane i saka.

Formannskapet ser det likevel som viktig at ei slik ordning vert avpassa økonomiske realitetar i kommunen, herunder at ei slik ordning kan medføre behov for ei auke i bemanninga som det ikkje er rom for i kommunen sitt budsjett.

Rådmannen kjem tilbake til bystyret med ei sak der desse konsekvensane blir drøfta/opplyst.

Rådmannen si sak skal også drøfte konsekvensar dette kan få for nye Kinn kommune.

**Handsaming:**

Nødseth,V ber om gruppemøte.

Tilrådinga vart sett opp mot framlegget frå V og H, der tilrådinga vart vedteken mot 4 røyster.

**Vedtak:**

Arbeid med rehabilitering av kjøkken i Havrenes barnehage, Krokane barnehage og Storevatn barnehage vert starta opp snarast.

Det vert sett av investeringsmidlar, kr 1, 8 mill (inkl mva) til arbeidet.

---

**029/19: Mål for Responssenter og framlegg til ny selskapsavtale for Alarmsentralen IKS**

**Framlegg til vedtak:**

1. Flora kommune sluttar seg til arbeidsgruppa sin rapport og vedtek målsettingane side 42 - 44 som grunnlag for samarbeid mellom Alarmsentralen og kommunen.
2. Flora kommune godkjenner utkast til selskapsavtale.

**Handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Flora kommune sluttar seg til arbeidsgruppa sin rapport og vedtek målsettingane side 42 - 44 som grunnlag for samarbeid mellom Alarmsentralen og kommunen.
  2. Flora kommune godkjenner utkast til selskapsavtale.
-

### **030/19: Søknad om redusert gateleige i Florø**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Gateleige for Florø Parkering vert redusert med kr. 200 000,- for kvar av åra 2019 og 2020.

#### **Handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak:**

1. Gateleige for Florø Parkering vert redusert med kr. 200 000,- for kvar av åra 2019 og 2020.

---

### **031/19: Privat eller kommunal barnehage i Florø sentrum**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. *Flora bystyre vedtek etablering av ein ny kommunal sentrumsbarnehage med 4 avdelingar på Docen-tomta som erstattar Nepjarhaugen, Nyheimvegen og Dalvegen barnehage.*
2. *Flora bystyre reduserer avsetninga av investeringsmidlar frå 43 millionar kroner til 36 millionar kroner. Investeringsbudsjettet for 2019 og økonomiplan 2020/2021 vert endra i takt med dette.*
3. *Flora bystyre ønskjer at barnehagen blir ferdigstilt snarast råd.*
4. *Planlegginga skal ta høgde for å integrere sjølvfinansierte eldrebustadar i tilknytning til barnehagen dersom det er mogleg på eit seinare tidspunkt.*
5. *Rådmannen får i oppdrag å starte avhending av bygga Dalvegen barnehage og Nyheimvegen barnehage så snart dette er driftsmessig mogleg.*

#### **Handsaming:**

Tilrådinga vart vedteken mot 2 røyster (H).

#### **Vedtak:**

1. *Flora bystyre vedtek etablering av ein ny kommunal sentrumsbarnehage med 4 avdelingar på Docen-tomta som erstattar Nepjarhaugen, Nyheimvegen og Dalvegen barnehage.*
  2. *Flora bystyre reduserer avsetninga av investeringsmidlar frå 43 millionar kroner til 36 millionar kroner. Investeringsbudsjettet for 2019 og økonomiplan 2020/2021 vert endra i takt med dette.*
  3. *Flora bystyre ønskjer at barnehagen blir ferdigstilt snarast råd.*
  4. *Planlegginga skal ta høgde for å integrere sjølvfinansierte eldrebustadar i tilknytning til barnehagen dersom det er mogleg på eit seinare tidspunkt.*
  5. *Rådmannen får i oppdrag å starte avhending av bygga Dalvegen barnehage og Nyheimvegen barnehage så snart dette er driftsmessig mogleg.*
-

### **032/19: TV-aksjonen 2019 - val av komité**

#### **Framlegg til vedtak:**

Følgjande representantar vert valde av formannskapet til å sitte i årets komité:

1.....

2.....

3.....

#### **Handsaming:**

Desse tre vert valde:

Solveig Willis,Ap - leiar

Bente Frøyen Steindal,Ap

Ola Teigen,Ap

Samrøystes vedteeke

#### **Vedtak:**

Solveig Willis,Ap - leiar

Bente Frøyen Steindal,Ap

Ola Teigen,Ap

---

### **033/19: Økonomirapport mai 2019**

#### **Framlegg til vedtak:**

Styret konstaterer at den økonomiske stoda for Innvandrarsenteret er utfordrande. Dekningsbidraget er budsjettert med kr 6 071 000 i år. Bystyret kan ikkje forvente å få fullt dekningsbidrag i 2019.

#### **Handsaming:**

Dagleg leiar orienterte om saka.

Formannskapet tek rapporten til vitande.

#### **Vedtak:**

Formannskapet tek rapporten til vitande.

---

### **034/19: Rebudsjettering unytta investeringsløyvingar knytt til låneopptak per 31.12.2018**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Flora bystyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar knytt til lånemidlar per 31.12.2018 slik det går fram av tabellen i saka, med ei samla rebudsjetterert sum på kr 258 436 613,-
2. Prosjekt som viser meirforbruk skal følgjast opp og ryddast innan 31.12.2019

#### **Handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken

#### **Vedtak:**

1. Flora bystyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar knytt til lånemidlar per 31.12.2018 slik det går fram av tabellen i saka, med ei samla rebudsjetterert sum på kr 258 436 613,-
2. Prosjekt som viser meirforbruk skal følgjast opp og ryddast innan 31.12.2019

---

### **035/19: Flora kemnerkontor, årsrekneskap og årsrapport 2018**

#### **Framlegg til vedtak:**

Årsrekneskap og årsrapport 2018 frå Flora kemnerkontor vert tatt til vitande

#### **Handsaming:**

Samrøystes vedteke

#### **Vedtak:**

Årsrekneskap og årsrapport 2018 frå Flora kemnerkontor vert tatt til vitande

---

### **036/19: Årsrekneskap og årsmelding 2018 - Allhuset Eikefjord**

#### **Framlegg til vedtak:**

Flora bystyre fastset og godkjenner særrekneskap for Allhuset Eikefjord slik den ligg føre.

#### **Handsaming:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Flora bystyre fastset og godkjenner særrekneskap for Allhuset Eikefjord slik den ligg føre.

---

**038/19: Årsrekneskap og årsmelding 2018 - Flora hamn KF****Framlegg til vedtak:**

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2018 for Flora Hamn KF slik det ligg føre med eit samla rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 853 175,70. Beløpet vert avsett til disposisjonsfond.
2. Bruk av tidlegare års avsettingar kr 1 270 065,79 vert godkjent.
3. Overføring av driftsmidlar til investeringsrekneskapen kr 3 943,00 vert godkjent.
4. Avsett til disposisjonsfond kr 2 843 000 vert godkjent.
5. Avsett til bundne fond kr 744 852,86, herav avsett til Alden hamneområde kr 744 129,86, vert godkjent.
6. Udekket i investeringsrekneskapen kr 221 692,10, vert finansiert med bruk av disposisjonsfond.

**Handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken

**Vedtak:**

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2018 for Flora Hamn KF slik det ligg føre med eit samla rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 853 175,70. Beløpet vert avsett til disposisjonsfond.
  2. Bruk av tidlegare års avsettingar kr 1 270 065,79 vert godkjent.
  3. Overføring av driftsmidlar til investeringsrekneskapen kr 3 943,00 vert godkjent.
  4. Avsett til disposisjonsfond kr 2 843 000 vert godkjent.
  5. Avsett til bundne fond kr 744 852,86, herav avsett til Alden hamneområde kr 744 129,86, vert godkjent.
  6. Udekket i investeringsrekneskapen kr 221 692,10, vert finansiert med bruk av disposisjonsfond.
- 

**039/19: Årsrekneskap og årsmelding 2018 - Havhesten Flora kommune KF****Framlegg til vedtak:**

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2018 for Havhesten Flora kommune KF slik dei ligg føre med eit mindreforbruk (overskot) kr 11 855,-.
2. Flora bystyre godkjenner overføring til investeringsrekneskapen på kr 3 177,-.



3. Mindreforbruk kr 11 855,- vert sett av til disposisjonsfond i rekneskapen til Havhesten  
Flora kommune KF i 2019.

**Handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken

**Vedtak:**

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2018 for Havhesten Flora  
kommune KF slik dei ligg føre med eit mindreforbruk (overskot) kr 11 855,-.
2. Flora bystyre godkjenner overføring til investeringsrekneskapen på kr 3 177,-.
3. Mindreforbruk kr 11 855,- vert sett av til disposisjonsfond i rekneskapen til Havhesten Flora  
kommune KF i 2019.

---

**040/19: Årsrekneskap og årsmelding 2018 - KF Innvandrarsenteret i Flora**

**Framlegg til vedtak:**

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2018 for  
KF Innvandrarsenteret i Flora slik det ligg føre med eit rekneskapsmessig  
meirforbruk (underskot) kr 2 074 289,56.
2. Overføring til investeringsrekneskapen kr 53 783,- vert godkjent.
3. Det rekneskapsmessige meirforbruket (underskotet) kr 2 074 289,56 vert dekkja ved bruk av  
unytta fond.

**Handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken

**Vedtak:**

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2018 for  
KF Innvandrarsenteret i Flora slik det ligg føre med eit rekneskapsmessig meirforbruk  
(underskot) kr 2 074 289,56.
2. Overføring til investeringsrekneskapen kr 53 783,- vert godkjent.
3. Det rekneskapsmessige meirforbruket (underskotet) kr 2 074 289,56 vert dekkja ved bruk av  
unytta fond.

---

## **041/19: Årsrekneskap og årsrapport 2018 - Flora kommune**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Flora bystyre godkjenner årsrapporten for 2018
2. Flora bystyre fastsett og godkjenner årsrekneskapen for 2018 med dei avvik som er mellom budsjett og rekneskap på inntektssida og utgiftssida
3. Flora bystyre har som mål å tilbakeføre kr 15 963 022,94 frå Vann og Avløp (VA) til bufferfondet innan 3-5 år
4. Vann, avløp og renovasjon (VAR) skal vere sjølvfinansierande
5. Udekkja beløp i investeringsrekneskapen for 2018 på kr 1 034 922,82 vert å dekke inn av driftsmidlar i revidert budsjett 2019
6. Flora bystyre tek kontrollutvalet sin fråsegn til vitande

### **Handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken

### **Vedtak:**

1. Flora bystyre godkjenner årsrapporten for 2018
2. Flora bystyre fastsett og godkjenner årsrekneskapen for 2018 med dei avvik som er mellom budsjett og rekneskap på inntektssida og utgiftssida
3. Flora bystyre har som mål å tilbakeføre kr 15 963 022,94 frå Vann og Avløp (VA) til bufferfondet innan 3-5 år
4. Vann, avløp og renovasjon (VAR) skal vere sjølvfinansierande
5. Udekkja beløp i investeringsrekneskapen for 2018 på kr 1 034 922,82 vert å dekke inn av driftsmidlar i revidert budsjett 2019
6. Flora bystyre tek kontrollutvalet sin fråsegn til vitande

---

## **042/19: Revidert budsjett juni 2019, og økonomirapport 1. tertial 2019 - Flora kommune**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Flora bystyre tar orienteringa om økonomirapport 1. tertial 2019 til vitande
2. Flora bystyre vedtar revidert driftsbudsjett 2019 slik det går fram av saka, og med det budsjettmessige endringar som vist i økonomitabell 1-6
3. Flora bystyre vedtar endring i investeringsbudsjett 2019 som vist i økonomitabell 7
4. Nytt låneopptak utgjør 3,401 millionar kr i 2019
5. Driftsbudsjettet vert balansert med betydeleg bruk av eingongsinntekter i 2019. Flora bystyre er kjent med at det same gjeld for Vågsøy kommune. Uavhengig av samanslåing til Kinn kommune har begge kommunane store økonomiske utfordringar kvar for seg. Flora bystyre ber difor rådmannen fortsette omstillingsarbeidet på best mogleg måte inn mot Kinn-prosjektet.

### Kom.sjef økonomi la fram slik justering i høve tilrådinga:

Justert framlegg fra rådmannen, knytt til kommunal veg ved Flora Hamn.

Sjå tillegg tabell nedafor.

Justert framlegg til vedtak pkt 4: «Nytt låneopptak utgjer 3,811 millionar kr i 2019»

Tabell

Framlegg frå repr. Jacob Nødseth, V:

Tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Jordmorvakta skal driftast som normalt også i sommar."

**Handsaming:**

Røysting:

Tilrådinga i 5 pkt. med Endring i pkt.4 vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Nødseth fall mot 2 røyster.

**Vedtak:**

1. Flora bystyre tar orienteringa om økonomirapport 1. tertial 2019 til vitande
2. Flora bystyre vedtar revidert driftsbudsjett 2019 slik det går fram av saka, og med det budsjettmessige endringar som vist i økonomitabell 1-6
3. Flora bystyre vedtar endring i investeringsbudsjett 2019 som vist i økonomitabell 7
4. Nytt låneopptak utgjer 3,811 millionar kr i 2019
5. Driftsbudsjettet vert balansert med betydeleg bruk av eingongsinntekter i 2019. Flora bystyre er kjent med at det same gjeld for Vågsøy kommune. Uavhengig av samanslåing til Kinn kommune har begge kommunane store økonomiske utfordringar kvar for seg. Flora bystyre ber difor rådmannen fortsette omstillingsarbeidet på best mogleg måte inn mot Kinn-prosjektet.

---

#### **043/19: Søknad om støtte frå kommunen sitt næringsfond til barneverninstitusjon i Flora**

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding

Sunnarvik, Ap ber om gruppemøte.

Framlegg frå repr. Jacob Nødseth, V:

- 1) Flora formannskap ser positivt på initiativet og ynskjer å støtte prosjektet.
- 2) Før saka kjem til bystyret i revidert budsjett går rådmannen i dialog med søkjar om korleis prosjektstøtta skal gjennomførast og ev. andre praktiske spørsmål avklarast.
- 3) Ein del av sakshandsaminga skal bestå i å avklare korleis prosjektstøtta ev. kan finansierast via Aksello.

**Handsaming:**

Framlegget frå Nødseth vart vedteke mot 1 røyst.

**Vedtak:**

- 1) Flora formannskap ser positivt på initiativet og ynskjer å støtte prosjektet.
- 2) Før saka kjem til bystyret i revidert budsjett går rådmannen i dialog med søkjar om korleis prosjektstøtta skal gjennomførast og ev. andre praktiske spørsmål avklarast.
- 3) Ein del av sakshandsaminga skal bestå i å avklare korleis prosjektstøtta ev. kan finansierast via Aksello.

---

**044/19: Gnr. 55 bnr. 2 - sal av utmarksområde med tilhøyrande rettar****Framlegg til vedtak:**

Rådmannen tilrår FORM å gjere slikt vedtak:

1. FORM godkjenner at utmarksteigen av gnr. 55 bnr. 2 med tilhøyrande jaktrett, stølshus og utmarksrettar vert selt til Alf Indrebø for kr. 658.000,- på vilkår som går fram av tilbodsbrief datert 21.02.2019
2. Salssummen vert å nytte til reduksjon av låneopptak knytt til investeringa.

Framlegg frå repr. Anderes Ola Sunnarvik,Ap:

Nytt punkt 3 :

Før Gnr.55 bnr.2 vert selt til ny eigar signerer Flora kommune på grunneigaravtalen om tilrettelegging og merking av turstiar for Eikefjord IL i Sørmarka.

Nytt pkt.4:

Kommunen skal sikre at Eikefjord Idrettslag sitt ynskje om å overta stølshuset reelt vert ivareteke.

**Handsaming:**

Tilrådinga og framlegget frå Nødseth vart samrøystes vedteke..

**Vedtak:**

1. FORM godkjenner at utmarksteigen av gnr. 55 bnr. 2 med tilhøyrande jaktrett, stølshus og utmarksrettar vert selt til Alf Indrebø for kr. 658.000,- på vilkår som går fram av tilbodsbrief datert 21.02.2019
2. Salssummen vert å nytte til reduksjon av låneopptak knytt til investeringa.
3. Før Gnr.55 bnr.2 vert selt til ny eigar signerer Flora kommune på grunneigaravtalen om tilrettelegging og merking av turstiar for Eikefjord IL i Sørmarka.

4. Kommunen skal sikre at Eikefjord Idrettslag sitt ynskje om å overta stølshuset reelt vert ivareteke.

---

### **037/19: Årsrekneskap og årsmelding 2018 - Flora Bordgleder KF**

#### **Framlegg til vedtak:**

#### **Handsaming:**

Det var lagt fram slik tilråding til vedtak:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2018 for Flora Bordgleder KF slik det ligg føre med eitt rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) kr 401 786,34.
2. Overføring til investeringsrekneskapen kr 363 887 vert godkjent.
3. Avsetning til disposisjonsfond kr 489 084 vert godkjent. 4. Kr 401 786,34 vert sett av til disposisjonsfond i rekneskapen til Flora Bordgleder KF for 2019.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak:**

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2018 for Flora Bordgleder KF slik det ligg føre med eitt rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) kr 401 786,34.
  2. Overføring til investeringsrekneskapen kr 363 887 vert godkjent.
  3. Avsetning til disposisjonsfond kr 489 084 vert godkjent. 4. Kr 401 786,34 vert sett av til disposisjonsfond i rekneskapen til Flora Bordgleder KF for 2019.
-

## Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
046/19	Formannskapet	PS	17.06.2019
037/19	Bystyret	PS	18.06.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ola Teigen	K1-033	19/283

### **Etablering av interkommunalt politisk råd (Kystrådet) for kommunane Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora, Vågsøy, Bremanger og Selje**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Flora bystyre vedtek å delta i interkommunalt politisk råd (Kystrådet) for kommunane, Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora, Vågsøy, Bremanger og Selje.
2. Flora bystyre vedtek og sluttar seg til dei vedtektene som er utarbeid for Kystrådet, datert 21. mai 2019.

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



## Saksopplysingar:

### Kva saka gjeld:

*Denne saka er signert sakshandsamar Jeanette Jensen i Vågsøy kommune og handsama i Vågsøy formannskap 6. juni.*

Kystkommunene tok for fleire år sida initiativ til at det skulle utarbeidast ein plan for kystområda. Fylkeskommunen v/ Fylkestinget tok på seg ansvaret for arbeidet. Planprosessen var eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane. Fylkestinget vedtok Regional strategisk plan for kysten den 13. juni 2018. Eit av tiltaka i planen er å etablere eit kystråd. Saka blir no lagt fram for kommunestyret for at kommunen skal handsame deltaking i rådet og dei vedtektene som er utarbeida. For at Kystrådet skal bli oppretta må alle kommunane slutte seg til saka.

### Innleiing:

kommunane må slutte seg til saka, med tilhørande dokument, for at Kystrådet skal bli oppretta og stå fram slik det er lagt til grunn i saka/dokumenta.

Sitat frå Strategisk plan for kysten.

#### 1. Etablere eit kystråd

*Kystkommunane etablerer eit kystråd, der ordførarane sit i styret. Eit slikt forpliktande samarbeid skal jobbe for prioritering av kysten, og sikre merksemd og oppfølging av felles lokale/regionale satsingar i kampen om sjøareala, etablering av infrastruktur, samt skaparkraft og nyskaping. Samstundes skal kystrådet bidra til at kysten står sterkare saman for å påverke rammevilkåra for utvikling, både lokalt, regionalt og nasjonalt.*

Heile planen finn du her:

<https://img4.custompublish.com/getfile.php/4191459.2344.qztqm7q7j1qzm/Regional%20strategisk%20plan%20for%20kysten%20-%2020Vedteke%20i%20fylkestinget%20juni%202018.pdf?return=sfjk.custompublish.com>

Ordførarane i dei aktuelle kommunane har ei felles oppfatning om at kystrådet i fyrste omgang skal opprettas etter gjeldande kommunelov. Dette inneberer i praksis at rådet kan fungere etter denne lova i kommande valperiode. Overgangsreglar knytt til ny kommunelov, som trer i kraft frå 01.01.2020, seier at innan utgangen av kommande periode må rådet vere endra i samsvar med ny lov.

Vedtektene som blir lagt fram for godkjenning i saka er basert på gjeldande kommunelov.

Strategisk plan for kysten viser at det er grunnlag for eit vesentleg meir omfattande samarbeid på kysten enn det som har vore tilfelle så langt. Den strategiske planen peikar på noko av det potensialet som eit kystfokus og samarbeid kan føre til av utvikling. Planen trekke opp viktige og gode tema for utvikling på kysten. I tillegg er det viktig når rådet kjem i gong, at ein også ser på korleis ein kan vidareutvikle samarbeidet og tematikken for samarbeidet.

